



**KVINNHERAD
KOMMUNE**

Sektor Teknikk og Miljø

2025/11189-58

02.06.2026

Avtale om tildeling av stimuleringsmidlar til private bustadfelt

Sunde Panorama

Etablering av Autovern

mellom

Halsnøy Trelast AS

org.nr. 926656856

Nordevågsvegen 6

5454 Sæbøvik

“Utbyggjar”

og

Kvinnherad kommune

org.nr. 964967636

Rosendalsvegen 10

5470 Rosendal

“kommunen”

Kommunestyret i Kvinnherad kommune har i møte 18.09.2025 sak 2025/5117 vedteke å stimulere privat bustadbygging gjennom ei ordning med kommunale stimuleringsmidlar. Formannskapet er gitt mynde til å gjere vedtak om løyve for tildeling, og har i møte 13.11.2025 sak 2025/67 gitt vedtak om at Halsnøy Trelast AS får tildelt samla kr 1 000 000,- til utvikling av prosjekt byggefelt Sunde Panorama. Midlane skal bidra til at prosjektet vert realisert i tråd med kommunale strategiar for busetjing og bustadutvikling.

Omsøkt beløp er kr 5 000,- over tildelinga på kr 1 000 000,-. Utbyggjar føreslår at differansen vert trekt frå posten for autovern, slik at dette vert justert til kr 105 000,- og samla beløp kjem innanfor ramma.

Midlane fordeler seg då slik:

Tiltak	Beløp
Utbetring av kommunalt vegkryss, Slettestølen	kr 280 000,-
Vasskum med brannkule	kr 165 000,-
Fordrøyningsmagasin	kr 450 000,-
Autovern	kr 105 000,-
Totalt	kr 1 000 000,-

Denne avtalen gjeld etablering av autovern.

1. Føremål

Føremålet med avtalen er å stimulere til auka bustadbygging i tråd med kommunen sine strategiar for bustadutvikling. Midlane skal nyttast til å redusere økonomisk risiko eller dekke infrastrukturkostnadar knytt til prosjektet Sunde Panorama. Midlane skal dekke nødvendig infrastruktur i bustadfeltet, og til oppfyljing av rekkefølgekrav for prosjektet.

Avtalen gjeld:

Støtte til etablering av autovern i deler av bustadfeltet på ein strekning på om lag 60 meter der det er bratt terreng utanfor vegkant.

Prosjektet Sunde Panorama legg til rette for utbygging av inntil 13 bueiningar på Slettestølen, Sunde, fordelt på fem einbustader og åtte husvære i konsentrert småhusbebyggelse.

Området ligg om lag 3,8 km (luftlinje) frå Husnes sentrum og har gangavstand til Sunde oppvekstsenter (skule og barnehage) og busshaldeplass.

2. Økonomiske rammer og utbetaling

- Tildelt beløp, midlar fordelt på etablering av autovern.
- Tildelinga er basert på søknad datert 31.10.2025 og vedtak om tildeling av stimuleringsmidlar til utvikling av private bustadfelt, Formannskapet sak 2025/67, møtedato 13.11.2025.

- Omsøkt bustadfelt/prosjekt omfattar over kravet på minimum 4 eller fleire einingar.

3. Vilkår for utbetaling

Kvinnherad kommune krev at midlane vert nytta til følgjande tiltak:

Støtte til etablering av autovern i deler av bustadfeltet på ein strekning på om lag 60 meter der det er bratt terreng utanfor vegkant, samla kr 105 000,-.

Tiltaket er eit pålagt trafikksikringskrav frå kommunen og medfører ein ekstrakostnad for utbyggjar.

Autovernet skal etablerast i samsvar med kommunal teknisk norm og er eit nødvendig tiltak for å kunne få ferdigattest for veganlegget og vidare godkjenning av bustadfeltet.

Midlane vert utbetalt etter følgjande modell:

- 30% ved ferdig prosjektert og byggjemeldt tiltak, og igangsetjingsløyve gitt.
- 30 % etter dokumentert framdrift på tiltak. Omsøkt tiltak opparbeida min 50%.
- 40 % ved komplett ferdig tiltak.

Sidan denne søknaden gjeld arbeid med interne veger som i reguleringsplan er avsett til felles (privat) så kan utbetalinga ikkje skje som midlar i investeringsbudsjettet. Tildelinga har preg av tilskot og må løyvast gjennom driftsbudsjettet.

I dei tilfelle løyvinga har form av tilskot skal driftsbudsjettet styrkast med uttak frå disposisjonsfondet og låneopptak til investeringar skal reduserast tilsvarande. Dette vert i så fall lagt fram til behandling i første moglege budsjettrevisjon.

Med bakgrunn i dette må stimuleringsmidlar til etablering av autovern i prosjekt Sunde Panorama konverterast frå investering til drift og dette er no tatt med i neste kvartalsrapport som kjem til handsaming i kommunestyret 24.09.2026. Utbetaling for disse sakene må vente ut dette.

Dersom utbyggjar ved inngåing av avtale har restansar til Kvinnherad kommune for forskotering av kostnad med infrastruktur til prosjektet, så skal desse kostnadane trekkjast frå tildelt stimuleringsmidlar før utbetaling.

4. Utbyggjar sine plikter

- Utbyggjar skal rapportera skriftleg om status for prosjektet til kommunen fram til ferdigattest, samt leggja ved ei oversikt over korleis midlane er brukte.
- Framdrift: Utbygging skal skje i tråd med framdriftsplanen vedlagt søknaden. Vesentlege avvik skal meldast til Kommunen utan opphald.
- Tekniske krav: Tiltaket må vera i samsvar med godkjent reguleringsplan og tekniske krav i plan- og bygningslova.
- Utbyggjar må leggja fram dokumentasjon på påløpte kostnader før sluttutbetaling.

5. Rapportering og kontroll

- Rapportering: Utbyggjar skal levera ein sluttrapport som stadfestar at føremålet med midlane er oppnådd.
- Kommunen har rett til innsyn i rekneskap knytt til dei kostnadane som stimuleringsmidlane skal dekke.

6. Mislighald og attendebetaling

Bruk av midlane i strid med vilkåra sett av kommunedirektøren, vil utløysa krav om tilbakebetaling, eller at tildelinga fell vekk. Same konsekvensar vil inntreffa dersom tildelinga eller bruken av midlane er i strid med EØS-regelverket om offentleg støtte, inkludert bagatellstøtteregelverket og beløpsgrensa der.

Dersom prosjektet ikkje vert gjennomført i tråd med avtalen, eller føresetnadene/vilkåra for tildeling fell bort eller vert brotne, kan kommunen krevja at heile eller delar av beløpet vert betalt attende.

Dette gjeld særleg dersom:

- Byggjestart ikkje er skjedd innan **[Frist]**.
- Talet på bueiningar vert vesentleg redusert utan godkjenning.
- Det er gjeve urette opplysningar i søknadsprosessen.

7. Offentlegheit og innsyn

Tildelinga vert gjort etter reglane for offentleg støtte (bagatellmessig støtte). Utbyggjar stadfestar ved signatur at samla støtte dei siste tre åra ikkje overstig gjeldande grenseverdjar.

Signatur

Stad.....Dato.....

Stad *Halsnøy*.....Dato *8/6-26*.....

Kvinnherad kommune
org.nr 964967636

[Signature]
Halsnøy Trelast AS
org.nr 926656856
Kjell Ståle Tofte, daglig leiar

